



Vestfold
og Telemark
revisjon

Risikovurdering 2024

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Tokke kommune

Innhald

1. Innleiing	4
1.1. Bakgrunn.....	4
1.2. Metode – grunnlag for risikovurderinga	4
1.3. Avtale om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	5
2. Gjennomførte revisjonar	6
3. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	7
4. Om Tokke kommune	9
4.1. Demografi.....	9
4.2. Kommunen si organisering.....	9
4.3. Økonomi	10
5. Fellestenester, tverrgåande tema og interkommunale ordningar	11
5.1. Internkontroll	11
5.2. Personell – rekruttering, arbeidsmiljø, sjukefråvær	12
5.3. Berekraft, klima og miljø.....	12
5.4. Beredskap	14
5.5. Etikk, habilitet og varsling.....	14
5.6. Arkiv og dokumentasjon – offentleg innsyn	15
5.7. Informasjonstryggleik og personvern.....	16
5.8. Innkjøp.....	17
5.9. NAV Vest-Telemark – sosiale tenester	17
6. Kommunalområde Oppvekst	19
6.1. Barnehage og grunnskule.....	19
6.2. Vaksenopplæring - flyktningtenesta	20
6.3. Pedagogisk psykologisk teneste.....	20
6.4. Barnevern.....	21
6.5. Samhandling – førebygging - utanforskap	22
7. Kommunalområde Helse og omsorg	23
8. Kommunalområde Plan, næring og kultur	24
8.1. Plan	24
8.2. Landbruk, skogbruk, byggesak mm.....	25
8.3. Næring og samfunnsutvikling.....	25

9. Kommunalområde Teknisk	26
9.1. Egedomsforvaltning.....	26
9.2. Vatn og avlaup VVA	27
9.3. Veg	29
9.4. Renovasjon	29
9.5. Brannvern.....	30
10. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap	30
10.1. Eigarskapskontroll	30
10.2. Forvaltningsrevisjon i selskap.....	32
Vedlegg 1: Oversikt over selskap	34
Vedlegg 2: Anna interkommunalt samarbeid – ikkje sjølvstendige rettssubjekt	37

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn

Kontrollutvalet skal lage planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og skal sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i kommunen.

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, etterleving av reglar, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. Formålet er læring, forbetring og kontroll. Undersøkingane kan rettast mot kommunen og mot kommunen sine selskap. Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Eigarskapskontroll er ein kontroll av om kommunen utøver sitt eigarskap i selskap i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og aksepterte prinsipp for god eigarstyring. Kontrollen skal utførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, og kan kombinerast med forvaltningsrevisjon i selskap. Sjå meir om eigarskapskontroll i kapittel 10.

Plan for forvaltningsrevisjon skal vise på kva område kommunen planlegg å ha forvaltningsrevisjon. Planen skal dekke både kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.

Plan for eigarskapskontroll skal vise kva for eigarskapskontrollar kommunen planlegg å ha.

Kommunestyret sjølv skal vedta planane, og kan gi kontrollutvalet mynde til å endre og/eller fråvike planane. Vedtatt plan gjeld til ny plan er vedtatt.

Planane skal bygge på vurderingar av kvar det er vesentleg risiko ved verksemda i kommunen og kommunen si eigarstyring, og ved verksemda i kommunen sine selskap. Vestfold og Telemark revisjon IKS (VTR) har fått i oppdrag å utarbeide ei slik vurdering for Tokke kommune, jf. kontrollutvalet si sak 11/23 og 12/23.

1.2. Metode – grunnlag for risikovurderinga

Risikovurderinga er av overordna karakter, og det kan vere noko usikkerheit ved informasjonen vi byggjer på. Det kan også skje endringer i risikobildet i løpet av planperioden.

Vi byggjer vi på følgjande kunnskapsgrunnlag og informasjon:

- ibuande risiko ved kommunen sine ansvarsområde og eigarskap
- nøkkeltal frå KOSTRA og annan statistikk
- informasjon i årsmelding, budsjett og økonomiplan
- samtale med kommunedirektør og ordførar

- innspel frå administrasjonen, tillitsvalde og sentrale politikarar
- innspel og synspunkt frå kontrollutvalet
- forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar dei siste åra
- gjennomførte og planlagde tilsyn frå statlege organ

Risikovurderinga er gjort med små ressursar. På dei store tenesteområda må det derfor gjerast ei nærare vurdering av risiko og vinkling i samband med bestillinga.

Innspel til forvaltningsrevisjonar og/eller eigarskapskontrollar

Avtroppande kontrollutval gav i møte 25.05.2023, sak 12/23, følgjande innspel til risikovurderinga:

Kontrollutvalet ber om at prosjektet Vest-Telemark PPT blir tatt med i vurdering av plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for neste periode

Vurdere oppfølging av tidlegare rapportar i samband med eigarskapskontroll

Nytt utval bør få oversikt over tidlegare rapportar som er gjennomført siste 10 åra.

Kontrollutvalet gav i møte 14. mars 2024, sak 5/24, følgjande innspel til risikovurderinga:

- Beredskap
- Skule, mobbing
- Arbeidsmiljø: Rekruttering og personalsituasjon
- Bustadutvikling

Innspel frå kommunedirektør og ordførar

Frå kommunedirektøren har vi fått innspel om følgjande tema: Helse og omsorg, skule, økonomistyring/rapportering og klimaarbeid,

Ordførar har spela inn oppfølging av nullvisjon for mobbing og oppfølging av klimamål.

1.3. Avtale om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Kommunen si revisjonsordning er regulert i selskapsavtalen for VTR IKS. Omfanget av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll går fram av oppdragsbrevet og det årlege budsjettbrevet frå VTR.

VTR kan levere anslagsvis to rapportar om forvaltningsrevisjon og ein rapport om eigarskapskontroll til Tokke kommune, fordelt over fire år. Talet på rapportar er avhengig av tema og innretning på undersøkingane. Dersom kommunen ynskjer det, kan det kjøpast fleire eller meir omfattande forvaltningsrevisjonar eller eigarskapskontrollar enn det som i utgangspunktet er avtalt.

2. Gjennomførte revisjonar

Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar/selskapskontrollar 2013-2023¹

Tokke kommune har fått følgjande rapportar i perioden 2013-2023:

Tema	Tilrådingar/Konklusjon	År
PPT Vest-Telemark – eigarskaps/selskapskontroll	Tilrådingar til Tokke: <ul style="list-style-type: none"> utarbeide eigarskapsmelding og gjennomføre systematisk eigarskapsopplæring til folkevalde. 	2013
Vest-Telemark kraftlag AS – eigarskapskontroll/selskapskontroll	Tilrådingar til Tokke: <ul style="list-style-type: none"> utarbeide eigarskapsmelding sikre folkevaldopplæring sørge for fullmakter til eigarrepresentanten etablere rutinar for kommunikasjon med kommunestyret om eigarstyringa 	2014
Evaluering av næringsarbeidet	Det var manglar ved sakshandsaming av tilskot frå næringsfondet og at det ikkje var rapportert til kommunestyret som vedtatt.	2014
Sakshandsamings-system og handtering av dokument	Tilrådingar om betre journalføring og arkivering av dokument, opplæring av tilsette og samle arkiv og.	2015
Økonomistyring	Tilrådingar om opplæringstiltak, rutinar og malar for budsjettarbeidet, rapportering, og handsaming av vesentlege budsjettendringar.	2017
Sjølvkost på feietenester	Det var tilrådingar om endring av praksis på enkelte område.	2017
Innkjøp	Det var mellom anna tilrådingar om å utarbeide reglement for innkjøp, opplæringstiltak, bruke rammeavtalar og vurdere rammeavtalar på fleire område, tiltak for etterleving av innkjøpsregelverket.	2019
Eigarstyring - eigarskapskontroll	Tilrådingar om å oppdatere eigarskapsmeldinga i samsvar med ny kommunelov, rutinar for handsaming av eigarsaker, styrke informasjon om eigarstyring i folkevaldprogrammet.	2019
Renovasjon og feiing – sjølvkost og gebyr	Tilrådingar mellom anna om utforming av lokale forskrifter og berekning av sjølvkost.	2019

¹ Kontrollutvalet har bedt om at vi tar med rapportar frå dei siste 10 åra i vurderinga.

LVK	Om LVK og kommunen sitt innsyn i organisasjonen – det var ikkje tilrådingar.	2020
Journal, arkiv og innsyn	Tilrådingar mellom anna om å ferdigstille arkivplan og halde arkivplanen oppdatert, klargjere ansvarsfordeling og mynde, tilrådingar knytt til postliste, journalføring og arkivering, og etablere/forbetre rutinar for å handsame innsynskrav.	2021
Sakshandsaming – byggesak og konsesjon	Tilrådingar om å oppdatere delegeringsreglementa, gjere risikovurderingar av sakshandsaminga, og sikre at dispensasjonssaker blir handsama tråd med regelverket.	2023

Forenkla etterlevingskontroll 2020-23²

Revisor gjennomfører kvart år ein forenkla etterlevingskontroll med kommunen si økonomiforvaltning.³ Etterlevingskontrollen blir gjort med små ressursar, og gir moderat tryggleik for funna. Ein forenkla etterlevingskontroll vil kunne avdekke eller avkrefte behov for forvaltningsrevisjon. I Tokke kommune har revisor kontrollert følgjande tema:

- Rekneskapsåret 2019: Anskaffingar – avvik – det mangla avtale
- Rekneskapsåret 2020: Sjølvkost – avvik – kommunen hadde ikkje lokal forskrift
- Rekneskapsåret 2021: Etterberekning av opphaldsbetaling for opphald i institusjon – ingen avvik
- Rekneskapsåret 2022: Anskaffingar – oppfølging av kontraktar – avvik – det mangla avtale
- Rekneskapsåret 2023: Tilvisar og attestanten si rolle

3. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Tabellen viser kvar vi, basert på risikovurderinga, meiner det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Dei er ikkje lista opp i prioritert rekkjefølgje, men følgjer kronologisk.

² Forenkla etterlevingskontroll vart innført ved kommunelova av 2018, og vart gjennomført første gong i 2020.

³ Jf. kommunelova § 24-9

Tema	Vinkling	Kap.
Internkontroll	Overordna – rutinar og tiltak for å sikre grunnleggande element i internkontrollen. Retta mot heile organisasjonen.	5.1
Personell - arbeidsmiljø	Kommunen sitt systematiske arbeid med å førebyggje og redusere sjukefråvær og rekruttering - heiltidskultur.	5.2
Klimaarbeid	Gjennomføring av klimatiltak – måloppnåing – i kommune og selskap	5.3
Etikk, habilitet og varsling	Kommunen sine retningslinjer og rutinar, risikovurderingar, tiltak og arbeid med etikk, varsling og habilitet.	5.5
Informasjonstryggleik og personvern	Krav knytt til handtering av personopplysningar i kommunen.	5.7
Skule	Tema/vinkling bør eventuelt vurderast ved bestilling.	6.1
PPT	PPT bør eventuelt kome seint i perioden og saman med dei andre deltakarkommunane.	6.3
Samhandling, førebygging, utanforskap	Gjennomføring og måloppnåing av felles plan, Vegen mot livsmeistring. Bør gjerast felles for alle kommunane.	6.5
Helse og omsorg	Det har ikkje vore tilsyn eller forvaltningsrevisjon av desse tenestene dei siste åra. Tema/vinkling bør eventuelt vurderast ved bestilling.	7
Eigedomsforvaltning	Mål og planar for verdibevarande vedlikehald.	9.1
Eigarskapskontroll	Om kommunen har eigarskapsmelding i samsvar med kommunelova og anerkjende tilrådingar, og om eigarstyringa i praksis er i samsvar med aktuelle lovføresegner og etablerte normer for god eigarstyring. Utval av selskap i samråd med kontrollutvalet ved bestilling.	10.1

4. Om Tokke kommune

4.1. Demografi

I 2023 er det ca. 2 200 innbyggjarar i Tokke, og folketalet auka i 2022. Det er forventa at folketalet vil gå svakt ned til ca. 1990 innbyggjarar fram til 2040⁴.

Kommunen har fleire som er 67 år og eldre enn landsgjennomsnittet og eiga kommunegruppe. Tokke har også ein større del av befolkninga i barnehagealder enn i eiga kommunegruppe, men litt mindre enn landsgjennomsnittet.

Kommunen har ein lågare andel innvandrarbefolkning enn gjennomsnittet, både samanlikna med eiga kommunegruppe og med landet. I 2019 var andelen på 8 %.

Arbeidsløysa er litt lågare enn eiga kommunegruppe og for landet. Talet på dei som pendlar ut av kommunen er som gjennomsnitt for landet, men betydeleg høgare enn eiga kommunegruppe.

4.2. Kommunen si organisering

Kommunen er nyleg omorganisert, og har no tre leiarnivå. Administrasjonen er delt inn i fire kommunalområde med kvar sin kommunalsjef:

- Oppvekst
- Helse og omsorg
- Plan, næring og kultur
- Teknisk

Leiargruppa består av kommunedirektør, personalsjef, økonomisjef og dei fire kommunalsjefane.

Under kommunedirektøren soknar NAV-kontoret og nokre fellestenester, som personal/arkiv-/resepsjon og økonomi. Dei kommunale oppgåvene i NAV er i vertskommunesamarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark. Tokke er vertskommune.

Interkommunalt samarbeid

Tokke kommune er med i fleire interkommunale samarbeid om kommunale oppgåver. Samarbeida er omtala i rapporten der dei naturleg høyrer til.

⁴ KOSTRA/Statistisk sentralbyrå

Kommunen er også deltakar i selskap/ulike sjølvstendige rettssubjekt. Oversikt over eigarskap og vurdering av risiko knytt til eigarstyring og selskap står i kapittel 10.

4.3. Økonomi

Tabell 1 Utvalde nøkkeltal frå KOSTRA

KOSTRA 2023	Tokke kommune	Gruppesnitt	Landsgj.snitt*
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	6 %	3,1 %	1 %
Netto renteeksponert gjeld ⁵ i prosent av brutto driftsinntekter	9,8 %	50,1 %	48,4 %
Frie inntekter per innbygger	80 909 kr	68 010 kr	83 156 kr
Fri eigenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	31,2 %	13,3 %	14,4 %

* landet utanom Oslo

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, ifølgje det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kommunen kan disponere til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane over tid bør vere på 1,75 % av driftsinntektene. Kommunestyret i Tokke har i budsjett 2024 vedtatt eit mål om at Tokke kommune skal ha netto driftsresultat på 4,8 % av driftsinntektene. Netto driftsresultat i Tokke kommune var i 2023 på 6 %. Det er langt over det anbefalte nivået frå TBU, kommunen sitt mål, kommunegruppesnittet og landsgjennomsnittet.

Netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter seier noko om kor sårbar budsjettbalansen er for renteauke. Rentekostnaden skal dekkast av driftsinntektene. Som vi ser i tabellen, ligg Tokke kommune relativt lågt i forhold til gruppesnitt og landssnitt. Ein auke i renta vil ha mindre verknad på budsjettet enn kommunane vi samanliknar med.

Kommunen sine frie inntekter består av skatteinntekter og rammetilskot frå staten. Frie inntekter per innbygger seier noko om det økonomiske handlingsrommet til kommunen. Tokke er i ei KOSTRAgruppe der alle har høge frie inntekter. I 2022 og 2023 har Tokke hatt litt lågare frie inntekter per innbygger enn gruppesnittet.

⁵ Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (KOSTRA)

Fri eigenkapital drift er det som i kommuneregnskapet heiter disposisjonsfond. Dette er midlar som kommunen kan bruke fritt til å dekke utgifter i både drifts- og investeringsregnskapet, og er eit uttrykk for kor stor økonomisk buffer kommunen har. Tabellen viser at Tokke kommune har relativt større buffer enn gruppesnittet og landsgjennomsnittet.

Kommunedirektøren viser til at det, med bistand frå KS-advokatane, i 2024 blir sett i gong eit arbeid for å styrke arbeidet med økonomistyring og rapportering. Han meiner dette er eit område der kommunen har forbedringspotensialet.

5. Fellestenester, tverrgående tema og interkommunale ordningar

Under kommunedirektøren soknar Nav-kontoret og nokre fellestenester, som personal/arkiv/resepsjon og økonomi. Dei kommunale oppgåvene i NAV er i vertskommunesamarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark. Tokke er vertskommune.

5.1. Internkontroll

Kommunen skal ha internkontroll for å sikre at kommunen følgjer lover og forskrifter, jf. kommunelova § 25-1. Det er også krav om internkontroll i nokre særlover, både sektorovergripande og for ulike tenesteområde i kommunen, f.eks. i arbeidsmiljølova, personopplysningslova og helse- og omsorgstenestelova. Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret minst ein gong i året om internkontrollen.

Observasjonar

Tokke kommune brukar Compilo for dokumentasjon av internkontrollen og som avvikssystem. Alle deler av kommunen skal nytte Compilo for sin internkontroll. Det er svært stor skilnad på omfanget av meldte avvik i dei ulike kommunalområda. Kommunedirektøren skriv i årsmeldinga at kommunen må jobbe med å gjere tilsette trygge til både å skrive og handtere avvik.

Vurdering

Det kan vere risiko for at internkontroll og internkontrollsystemet ikkje er like godt implementert i alle deler av kommunen. Mangelfull internkontroll kan føre til lovbrøt og dårleg kvalitet i sakshandsaming og tenesteyting. Ein forvaltningsrevisjon kan seie noko om kvaliteten på internkontrollarbeidet, og kan bidra til betre kjennskap til internkontrollen blant tilsette.

Kommunen har ikkje hatt forvaltningsrevisjon på dette området dei siste åra

5.2. Personell – rekruttering, arbeidsmiljø, sjukefråvær

Eit godt arbeidsmiljø er ein viktig faktor for å rekruttere og behalde kompetente medarbeidarar. Viktige oppgåver for kommunen som arbeidsgivar er å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø, naudsynt kompetanse, førebygge og redusere sjukefråvær og redusere ufrivillig deltid.

Observasjonar

I årsmeldinga for 2022 blir det peika på at både langtids- og korttidsfråvær hadde gått opp frå 2021. Samla fråvær frå alle planområda var 8,56%. Året før var prosenten 7,33%. Korttidsfråvær har gått opp sidan koronapandemien begynte i 2020 og var på det høgaste i 2022.

Arbeidsmiljøutvalet har tidlegare vedteke mål for sjukefråværet som er 6,5 %.

Vidare står det i årsmeldinga at det blei gjennomført arbeidsmiljøundersøking i 2022 og at resultatane vil bli arbeidd vidare med i 2023. Felles opplæring om hovudavtala for alle leiarar og tillitsvalde blei gjennomført 2023.

Tal frå KS viser at delen heiltidstilsette i kommunen er 58 %. Talet er lågare for kvinner (54 %) enn for menn (70 %).

Kontrollutvalet har spela inn *Arbeidsmiljø: Rekruttering og personalsituasjon* som aktuelt tema for forvaltningsrevisjon.

Vurdering

Det kan vere risiko knytt til rekruttering og bemanningssituasjonen. Mangel på personell kan føre til at kommunen ikkje kan levere tenester til rett kvalitet, og det kan skape risiko for kostnader knytt til vikarbruk. Ein forvaltningsrevisjon på dette området kan rette seg mot oppfølging av sjukefråvær og rekruttering/heiltidskultur.

5.3. Berekraft, klima og miljø

Kommunane har ei viktig rolle i arbeidet med å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling, og det er ei nasjonal forventning om at FNs berekraftsmål skal leggjast til grunn for samfunns- og arealplanlegginga i kommunane. I dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing står det at kommunane i den overordna planlegginga si skal ha tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar. Kommunane bør setje ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar.

Gjennom naturavtalen⁶ som vart inngått i desember 2022, har Noreg m.a. forplikta seg til at tap av natur skal stoppast og reverserast innan 2030. Kommunesektoren vil få ei sentral rolle i gjennomføringa av denne avtalen.

Figur 1 FNs berekraftsmål



Noreg oppfyller mange av berekraftsmåla, men har utfordringar med å oppfylle mål om *ansvarleg forbruk og produksjon* (mål 12), mål om å *stoppe klimaendringane* (mål 13), og mål om å *vareta livet på land* (mål 14).

Kommunen har fleire roller/oppgåver som er viktige for å nå berekraftsmåla. Kommunen er

- planstyresmakt, sjå pkt. 8
- innkjøpar av varer og tenester, sjå pkt. 5.8
- eigar og driftar av bygg og infrastruktur, sjå pkt. 9.1

Det er forventa at krava til berekraftsarbeidet i kommunane vil auke i planperioden.

Observasjonar

Kommunestyret har vedtatt ein felles klimaplan for Vest-Telemark. Planen er knytt opp mot berekraftsmåla. Det er forslag til mål og tiltak for kommunane og andre aktørar innan arealforvaltning, jordbruk, skogbruk, transport, sirkulærøkonomi og avfall, enøk og innkjøp.

Kommunen har ikkje klimabudsjett.

⁶ Kunming-Montreal Global biodiversity framework

Vurdering

På generelt grunnlag kan det vere risiko for at planlagde tiltak ikkje vert gjennomførte. Ein forvaltningsrevisjon av klimatiltak og/eller klimatilpassing kan vere nyttig. Revisjon av klimatiltak vil eventuelt passe best noko ut i perioden. Både kommunedirektør og ordførar meiner oppfylging av klimamål kan vere aktuelt for ein forvaltningsrevisjon.

5.4. Beredskap

Plan- og bygningslova stiller krav til samfunnstryggleik i kommunen si planlegging. Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap har som føremål å redusere risiko for at kriser skjer, og sørge for at kriser som likevel skjer blir handtert best mogleg.

Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane beredskapsplikt, og dei skal planlegge beredskapen basert på ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse).

Observasjonar

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark fører tilsyn med alle kommunane i løpet av valperioden. Det var tilsyn i Tokke i 2020, og neste tilsyn er planlagt i september 2024. I 2020 vart det gitt eit avvik og fleire merknader ved tilsynet. Avviket var at kommunen ikkje hadde utarbeidd heilskapleg ROS-analyse. Merknadene handla om ulike tiltak som vil vere nyttige i beredskapsarbeidet, men som kommunen ikkje hadde lagt til rette for. I kommunen si årsmelding for 2022 står det at kommunen gjorde overordna ROS-analyse i 2022.

Vurdering

I og med at det er planlagt nytt tilsyn dei næraste åra, meiner vi at det er liten risiko knytt til det generelle beredskapsarbeidet i Tokke. I samband med forvaltningsrevisjon av eit tenestoområde kan det vere aktuelt også å sjå på beredskapen. Vi meiner at dette best kan vurderast i samband med bestilling av forvaltningsrevisjon.

5.5. Etikk, habilitet og varsling

Eit av formåla med kommunelova er å bidra til at kommunane er tillitsskapande. KS og Transparency International Norge (TI) gir tilrådingar om tiltak som kan bidra til ein høg etisk standard. I årsmeldinga skal kommunen gjere greie for planlagde og iverksette tiltak

Kravet til habilitet gjeld for alle tilsette og politikarar. Den tilsette skal sjølv vurdere sin habilitet. Politikarar har sjølv ansvaret for å ta opp spørsmålet om eigen habilitet, medan det er det folkevalde organet som avgjer om vedkomande er habil eller ikkje. For å sikre at habilitet blir handtert i samsvar med gjeldande krav, bør det gjerast risikovurderingar, og kommunen bør ha rutinar som sikrar at habilitet blir vurdert og at inhabilitet blir handtert.

Arbeidstakarar har rett, og til dels plikt, til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Varslingsordninga skal bidra til at medarbeidarar vågar å seie frå om kritikkverdige forhold, og

dermed til å hindre og betre desse. Kommunen som arbeidsgivar skal ha rutinar for mottak og handsaming av varsel. Ein god yringskultur hjå dei tilsette og gode rutinar rundt varsling er viktig for lokaldemokrati og tenestekvalitet. Det er derfor viktig at arbeidstakarar i kommunen opplever at det er trygt å ytre seg kritisk om kritikkverdige forhold i eiga verksemd.

Observasjonar

Tokke kommune har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde, vedtekne av kommunestyret 22. november 2016.

I årsmeldinga for 2022 står det at kommunen nyttar KS Læring som portal for kunnskap og kompetanseheving for tilsette. I modulen for nyttilsette ligg mellom anna kommunen sine etiske retningslinjer. Årsmeldinga omtalar ikkje anna arbeid for å sikre ein høg etisk standard i kommunen.

Kontrollutvalet i Tokke har i førre periode drøfta saker om varsling. Det går fram av årsmeldinga at kommunen har rutinar for varsling, men at ein har sakna rutinar for handtering av varsel mot toppleiinga.

Vurdering

Alle verksemdar må arbeide kontinuerleg med å sikre høg etisk standard og eit trygt yringsklima. Gode rutinar og kunnskap om varsling både hjå arbeidsgivar og arbeidstakar er viktig for å sikre at varslingsinstituttet fungerer godt og at varsel om kritikkverdige forhold blir handsama i samsvar med gjeldande krav.

Vi meiner det generelt kan vere risiko knytt til kommunen sitt arbeid med etikk og varsling, og at dette bør prioriterast for forvaltningsrevisjon frå tid til anna. Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon av etikk og varsling i Tokke kommune dei siste 10 åra. Ein slik forvaltningsrevisjon vil gjerne vere retta mot og involvere alle tilsette i kommunen. På denne måten kan det bidra både til styringsinformasjon og til læring og forbetring i heile organisasjonen. Om ynskjeleg kan ein også inkludere politisk nivå.

Vi har ikkje grunnlag for å tru at det er særskilt risiko knytt til inhabilitet i Tokke, bortsett frå at det er ein liten kommune der det kan vere tette band. Vi nemner likevel tema her, då habilitet har vore svært aktuelt nasjonalt det siste året, og fordi det i ein forvaltningsrevisjon om etikk og varsling kan vere føremålstenleg å ta med ei undersøking av kommunen sine tiltak for å sikre habilitet.

5.6. Arkiv og dokumentasjon – offentleg innsyn

Pressens offentlighetsutvalg og Kommunal Rapport samanliknar kommunane og set opp resultatane i eit barometer. Dei har tre innfallsvinklar: postlistesjekk, spørsmål til kommunane og test av korleis kommunen handsamar innsynskrav. Maksimal poengsum er 26. Tokke kommune fekk 19 poeng. Beste kommune i Vestfold og Telemark hadde 24 poeng, lågaste hadde 3 poeng.

Observasjonar

Kommunen fekk nytt sak/arkivsystem i 2022, og har arbeidd med implementering og opplæring. Det er arbeidd med arkivplan i 2023. Arkivverket har planlagt tilsyn med arkivhaldet i kommunen i 2024.

Vurdering

Det er grunn til å følgje med på kommunen sitt arbeid med arkivplan, men etter vår vurdering bør ikkje dette prioriterast for forvaltningsrevisjon i denne perioden, då det var forvaltningsrevisjon i 2021 og det er varsla tilsyn frå Arkivverket i 2024.

5.7. Informasjonstryggleik og personvern

Informasjonstryggleik omfattar alle tiltak som skal sikre behandlinga til kommunen av informasjon, både når det gjeld sikring av IT-system, tilrettelegging av prosessar/arbeidsoppgåver, og kompetanse og opplæring hos dei som utfører oppgåvene. Det er vanleg å seie at informasjonstryggleik handlar om å sikre konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit.

Ei uønskt hending mot eit eller fleire av systema for kommunen kan få store konsekvensar. Dei siste åra har det vore små og større angrep mot kommunar og andre offentlege verksemdar, og mange har ikkje eit forsvarleg tryggningsnivå for å verne informasjonen sin.

Kommunen behandlar personopplysningar om innbyggjarar, tilsette og politikarar. Kommunen pliktar å ha eigna tiltak for å sikre forsvarleg behandling av personopplysningane. Personopplysningane skal vernast mot urettmessig innsyn og endringar, men skal vere tilgjengelege for dei som treng opplysningane, når dei treng dei. Manglande etterleving av personvernreglane kan ramme innbyggjarane i kommunen og tilsette, og kan medføre straffegebyr og tap av omdømme for kommunen.

Observasjonar

IKT-tenestene til Tokke er organisert i eit interkommunalt driftssenter, med Vinje som kontorkommune. Samarbeidet er organisert som kommunalt oppgåvefelleskap (KO) frå 1.1.2024. Samarbeidet blir utvida og vil dekke alle kommunane i Vest-Telemark. Driftssenteret hadde ein ekstern gjennomgang av informasjonstryggleiken i 2022, og har innført nye rutinar og verktøy/løysingar etter det.

Alle tilsette i Tokke kommune har fått opplæring i personvern for å bli meir medvitne og auke kunnskapen om behandling av personopplysningar. Stadig fleire svindelforsøk gjer også at kommunen har valt å gjennomføre opplæringsmodul om informasjonstryggleik for alle tilsette i 2023.

Vurdering

Informasjonstryggleik og personvern er grunnleggjande viktig i den kommunale verksemda, og det er generelt ein viss risiko for svikt. Kommunen har ikkje hatt forvaltningsrevisjon om personvern tidlegare. Dette er eit område med stor risiko for brot, og det bør gjennomførast forvaltningsrevisjon jamleg.

Vi meiner at risikoen knytt til IT-tryggleik kan vere redusert ved at kommunane samarbeider i eit større fagmiljø og dermed har større felles ressursar. Vi meiner likevel det kan vera formålstenleg med forvaltningsrevisjon om personvernlovgivinga.

5.8. Innkjøp

Reglane om offentlege innkjøp skal bidra til effektiv bruk av ressursane, og at det offentlege opptrer med integritet, slik at ålmenta har tillit til at offentlege anskaffingar skjer på ein samfunnstenleg og berekraftig måte. Kommunen skal ha tiltak for å motvirke sosial dumping, ivareta miljøomsyn og motvirke brot på menneskerettane. Frå 1.1.2024 blei kravet om å ta miljøomsyn skjerpa.

Anskaffingar over ein viss verdi skal kunngjerast og gjennomførast i samsvar med regulerte prosessar, og KOFA kan vedta gebyr for ulovlege direktekjøp. Reglane er komplekse og strenge, men gir likevel kommunen stort handlingsrom til å legge til rette for at lokale verksemder kan delta i konkurransen om oppdrag.

Observasjonar

I Tokke er det gjennomført to forenkla etterlevingskontrollar på dette området. I tillegg var det ein forvaltningsrevisjon med fleire tilrådingar i 2019. Kommunedirektøren seier han vil ta initiativet til å sjekke om tilrådingar frå forvaltningsrevisjonsrapporten i 2019 er følgde opp.

Vurdering

Resultata av kontrollane/revisjonen kan tyde på at det framleis er risiko for at kommunen ikkje sikrar godt nok at innkjøpsreglane blir etterlevd. Det er ei vurderingssak for kontrollutvalet om ein igjen skal prioritere å bruke forvaltningsrevisjonsressursar på dette, eller om kontrollutvalet vil følgje det opp på annan måte.

5.9. NAV Vest-Telemark – sosiale tenester⁷

Formålet med sosialtenestelova er å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, under dette at kvar enkelt får høve til å leve og bu sjølvstendig, og framme

⁷ NAV er omtala her, då det organisatorisk er lagt til Planområde 1 Sentraladministrasjonen

overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Utsette barn og unge og familiane deira skal få eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.

Kommunen skal ha kunnskap om levekåra til innbyggjarane, finne førebyggjande tiltak og tilby tenester som skal bidra til sosial tryggleik og betre levekår for økonomisk vanskelegstilte.

For personar med behov for økonomisk sosialhjelp er det viktig å få ei rask tilbakemelding frå kommunen. Lang saksbehandlingstid/mange klagesaker kan indikere risiko ved saksbehandlinga.

Kommunen skal stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad til personar under 30 år, med mindre tungtvegande grunnar talar mot det. Dersom ikkje kommunen følgjer opp aktivitetsplikta i tilstrekkeleg grad vil det kunne bidra til unødvendige sosialhjelpsutbetalingar. I fleire tilsyn har Statsforvaltaren avdekt at kommunar ikkje sikrar at vilkår om aktivitetsplikt blir brukt i tråd med lovkravet.

Observasjonar

NAV Vest-Telemark vart etablert 1.1.2020, og er eit vertskommunesamarbeid for kommunane i Vest-Telemark. Tokke er vertskommune, og kontoret har 26 tilsette på Dalen. NAV-kontoret har ansvar for økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet og gjeldsrådgiving.

Statsforvaltaren hadde tilsyn med NAV-kontoret i 2022. Tema for tilsynet var om NAV sikrar at barn behova sine blir kartlagt og teke omsyn til ved søknad om økonomisk stønad til familiar med barn. Kontoret fekk avvik på dette punktet, på same måte som dei fleste kommunane i Noreg. Statsforvaltar hadde elles eit godt inntrykk. Etter tilsyn frå Arbeids- og velferdsetaten skal det setjast i verk tiltak for å betre tryggleiken for tilsette ved dei ulike NAV-kontora. For tida er difor dei lokale kontora stengt. Det er uklart kven som har ansvaret for å gjennomføre oppgraderingane, og når dette skal gjerast. Kommunen ventar på avklaring frå fylkesleiinga i NAV.

Talet på sosialhjelpsmottakarar har auka, både nasjonalt og i Tokke. Ifølgje KOSTRA auka talet på sosialhjelpstilfelle i Tokke frå 46 i 2022 til 62 i 2023.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier særskilt risiko på dette området. Det kan vere risiko knytt til samhandling, førebygging og utanforskap, sjå pkt. 6.5. Tokke som er vertskommune for samarbeidet, og det er såleis kontrollutvalet i Tokke som naturleg bør ta initiativet til ein eventuell revisjon.

6. Kommunalområde Oppvekst

6.1. Barnehage og grunnskule

På barnehageområdet skal kommunen mellom anna drifte eigne barnehagar, samordne opptak, godkjenne og føre tilsyn både etter barnehagelova og etter forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

Kommunen skal sjå til at grunnskuleopplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte elev. Det skal også vere tilbod om skulefritidsordning.

Det er krav til bemanning i barnehagar og skular, både når det gjeld kompetanse og tettleik. Barnehagar og skular har ei undersøkings- og aktivitetsplikt for å sikre eit trygt og godt psykososialt barnehage- og skulemiljø, og skal vere merksame på om barn kan ha rett på spesialpedagogisk hjelp eller et individuelt tilrettelagt tilbod.

Observasjonar

Statsforvaltaren hadde tilsyn med Tokke kommune som barnhagemynde i 2020. Det blei funne avvik og gitt pålegg om retting av avvika.

Kvart år skal kommunen legge fram ein rapport om tilstanden i grunnskulen når det gjeld læringsmiljø, resultat og fråfall. Rapporten skal drøftast av kommunestyret. Siste tilstandsrapport blei lagt fram i november 2023. I årsmeldinga for 2022 står det at dei største utfordringane framover i barnehage og skule truleg er mangel på bemanning med rett kompetanse, og barn som slit. med reguleringsvanskar.

Som det går fram av tabellen under har delen av elevar på meistringsnivå 3-5⁸ i lesing og rekning gått ned frå 2021 til 2022, men auka igjen frå 2022 til 2023. I 2023 låg kommunen over dei i kommunane vi samanliknar med. Når det gjeld elevane sin trivsel, ligg Tokke omtrent på line med andre.

	Elevar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)			Elevar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i rekning 8.trinn (prosent)		
	2021	2022	2023	2021	2022	2023
Tokke	82,6	62,1	72,4	84,0	62,5	69,0
Landet uten Oslo	72,5	73,3	64,3	68,7	70,5	64,9

⁸ Dei nasjonale prøven operer med fem meistringsnivå. 1 er lågaste nivå og 5 er høgaste nivå.

Vestfold og Telemark	72,2	72,8	62,6	66,5	67,7	61,5
KOSTRA-gruppe 6	71,6	71,7	64,9	64,7	67,5	65,8

I Tokke fekk 5% av elevane spesialundervisning i 2022. Andelen auka til 9,4 % i 2023. Andelen av elevar med spesialundervisning er no på line med kommunegruppa og litt over snittet i landet utanom Oslo. Det har vore lang handsamingstid i PP-tenesta, sjå pkt. 6.3. Lang sakshandsamingstid for utgreiing kan utgjere ein risiko.

Vurdering

Tokke har ikkje hatt forvaltningsrevisjon på området oppvekst dei siste 10 åra. Både kontrollutvalet, ordførar og kommunedirektør har spelt inn dette området som aktuelt for ei undersøking.

Aktuelle tema kan vere tidleg innsats og tilpassa opplæring. Arbeid med skulemiljø har også vore nemnt som tema. Tema og innretning av ein eventuell forvaltningsrevisjon bør bestemast ved bestilling.

6.2. Vaksenopplæring - flyktingtenesta

Kommunen har ansvar for å tilby opplæring i norsk og samfunnsfag både til innvandrarar og asylsøkjjarar i mottak, og dessutan introduksjonsprogram for innvandrarar 18–55 år med opphaldsløyve og som er busett i kommunen etter avtale med integreringsstyresmaktene.

Observasjonar

Flyktingtenesta og vaksenopplæringa samarbeider om integreringsarbeidet i kommunen. Tokke tok imot 35 flyktingar i 2023, og er bedt om å busette 40 i 2024. Kommunedirektøren seier det er kan bli ei utfordring å skaffe nok bustader når det kjem fleire flyktingar.

Vurdering

Generelt sett kan det vere risiko for at press på tenestene gjer at kommunen ikkje får gitt lovpålagde tenester eller sikra eit godt integreringsarbeid. Vi har ikkje informasjon som stilseier at det er spesiell risiko knytt til dette området i Tokke.

6.3. Pedagogisk psykologisk teneste

Alle kommunar skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste, eventuelt i samarbeid med andre kommunar. Tokke er deltakar i og får slike tenester frå Vest-Telemark PPT IKS, som har kontor i Kviteseid. Sjå også omtale om eigarskap i kap. 10.

Observasjonar

Statsforvaltar gjennomførte tilsyn med PPT i 2021/22. Formålet med tilsynet var å kontrollere om PPT oppfylte krav i regelverket om å utarbeide sakkunnige vurderingar, og om å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen i organisasjonen for betre å legge til rette for elevar med særskilde behov. Statsforvaltar fann fleire avvik under tilsynet. Dette gjaldt mellom anna at PPT brukte for lang tid på å utarbeide sakkunnige vurderingar.⁹

Kontrollutvala i dei seks Vest-Telemark-kommunane har bedt om at PPT blir vurdert for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon, fordi planlagt eigarskapskontroll/ forvaltningsrevisjon i førre periode vart avlyst/utsett. Planlagt tema var kommunane si eigarstyring av selskapet, om selskapet si styring var i samsvar med selskapsreglane, og om kommunane og selskapet hadde gode tiltak for å følgje opp ressursbruk og leveransar frå selskapet til kvar kommune. Det er i ettertid gjort utgreiingar og vurderingar knytt til organisasjonsform mm. Desse spørsmåla skal handsamast i kommunestyra i 2024.

Vurdering

Det kan vere risiko knytt til PPT, men dersom organiseringa av selskapet skal endrast, meiner vi at det er mindre aktuelt med forvaltningsrevisjon av PPT i si noverande form. Ein forvaltningsrevisjon av PPT må eventuelt vurderast når organisering er avklart, og leggest mot slutten av perioden.

6.4. Barnevern

Hovudoppgåva til barneverntenesta er å sikre at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, og at dei som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

Barneverntenesta skal vareta ei sårbar gruppe som ikkje alltid kan vareta egne behov og ønskjer. Det er derfor særleg viktig at barneverntenesta har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å gjere rette vedtak og ha tilstrekkeleg oppfølging. Krava til kompetanse er styrkte i ny barnevernslov.

Barneverntenesta skal samarbeide med andre relevante tenester, og det tilrådd at det blir inngått samarbeidsavtalar, m.a. med NAV og med psykisk helsevern for barn og unge i helseføretaka.

Observasjonar

Tilstandsrapport 2023 for tenesta er lagt fram for alle kommunestyra. Ifølgje rapporten var det 18 meldingar til barnevernet i Tokke. Det er om lag som året før då det var 19 meldingar.

Tabellen under viser utviklinga i Tokke kommune frå 2022-2023 når det gjeld kor stor del av barn og unge som har barneverntiltak:

⁹ Vest-Telemark PPT IKS er også omtala i kapittel 11 om eigarskapskontroll.

Tabell 2 Barn med barnevernstiltak i prosent av innbyggjarar 0-24 år.

	2022	2023
Tokke	3,6	3,0
KOSTRA-gruppe 6	4,4	4,1
Landet uten Oslo	3,1	2,8

Kjelde: KOSTRA

Ifølge tal frå SSB blei alle meldingar handsama innan fristen på sju dagar. Pr 31. desember 2023 hadde alle barn med barnevernstiltak i Tokke utarbeidet plan.

Statsforvaltaren hadde landsomfattande systemrevisjon på undersøkingar i 2020/21. Det blei avdekt lovbrøt i barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark, men dette er no retta opp.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som indikerer særskilt risiko knytt til barneverntenesta, bortsett frå at det kan vere lite føreseielege økonomiske utfordringar. Det kan vere noko risiko knytt til samhandling og førebyggjande arbeid, sjå pkt. 6.5.

Det er Kviteseid som vertskommune for samarbeidet, og ein eventuell forvaltningsrevisjon bør utførast i samarbeid mellom dei kommunane som deltar i samarbeidet. Det er kontrollutvalet i Kviteseid som kan vedta ein eventuell forvaltningsrevisjon av barneverntenesta.

6.5. Samhandling – førebygging - utanforskap

I ny barnevernslov fekk kommunen ansvar for å forebygge at barn og unge blir utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom førebyggjande tiltak, slik at omsorgsovertaking eller andre inngripande tiltak seinare i barnet sitt liv blir mindre sannsynleg. Kommunen skal vidare sørge for å samordne tenestetilbodet til barn og familiar. Kommunestyret skal vedta ein plan for dette arbeidet.

Observasjonar

Kommunane i Vest-Telemark har vedtatt ein felles plan, Vegen mot livsmeistring, og det er lagt opp til av kvar kommune skal lage ein lokal del av planen, tilpassa eigen kommune. Det førebyggjande arbeidet er organisert etter same modell i dei samarbeidande kommunane.

Vurdering

Det kan vere risiko for at samarbeidet mellom tenestene i kommunen og dei interkommunale ordningane ikkje fungerer som ynskt og planlagt. Manglande førebygging kan koste dyrt både menneskeleg og økonomisk. Vi har ikkje informasjon som peikar på særskilt risiko her, men ein forvaltningsrevisjon kan gi god informasjon om det førebyggjande arbeidet fungerer.

Forvaltningsrevisjonen kan eventuelt gjerast for dei samarbeidande kommunane i fellesskap.

7. Kommunalområde Helse og omsorg

Kommunen skal ha nødvendige helse- og omsorgstenester til personar som oppheld seg i kommunen. Tenestene skal vere forsvarlege, det skal vere dokumentert internkontroll, og drifta skal organiserast slik at helsepersonell er i stand til å utføre forsvarlege tenester. Manglande kompetanse og omfattande vikarbruk kan ha betydning både for økonomien og kvaliteten i tilbodet.

Helse og omsorgstenestene spenner frå fødsel til død, frå planlegging, samarbeid og førebygging til utføring av komplekse oppgåver. Det er såleis mange ulike teneste- og risikoområde:

- fastlege, legevakt og akuttberedskap
- helsestasjons- og skulehelseteneste for barn og ungdom, gravide og barsel
- helsetenester i heimen, til dømes heimesjukepleie, ergoterapi og fysioterapi
- opphald i sjukeheim eller bustad tilrettelagt for heildøgns tenester
- personleg assistanse - hjelp til eigenomsorg, personleg stell og personretta praktisk hjelp, brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
- dagtilbod til heimebuande med demens
- psykologteneste og tilbod til personar med psykiske lidingar
- helsefremjande og førebyggjande tenester knytt til rus
- koordinering og individuell plan til personar med behov for fleire tenester
- pårørandestøtte
- samhandling med spesialisthelsetenesta – ta imot utskrivingsklare pasientar
- velferdsteknologi
- sakshandsaming – tildeling av tenester

Observasjonar

Tokke kommune har utfordringar med å få tilstrekkeleg og rett bemanning innanfor helse- og omsorgssektoren. Ifølgje årsmeldinga for 2022 har ein vore underbemanna i nokre tenester, særleg ved Åheim bufellesskap. Manglande kompetanse og omfattande vikarbruk kan verke inn både på kvaliteten i tilbodet og på økonomien, då innleige av vikar og overtid er kostbart, noko som førte til overforbruk på dei budsjettpostane i 2022. I årsmeldinga skriv kommunen om fleire tiltak for rekruttering.

Kommunen har redusert talet på institusjonsplassar og auka ressursane i heimetenesta. Talet på brukarar som får helsetenester i heimen har auka for dei eldste (over 90 år). Det er færre korttidsopphald i institusjon for aldersgruppa 67-79 år, medan det er auke i opphaldet for dei eldste. Arbeidet i heimetenesta har auka i omfang og kompleksitet.

Vurdering

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon innan helse og omsorgstenester i Tokke dei siste 10 åra. Vi er ikkje kjende med at det har vore tilsyn frå Statsforvaltar verken i 2022 eller 2023. Arbeidstilsynet har hatt tilsyn ved Åheim bufellesskap, og det vart gitt avvik som no er lukka.

Ut frå ei overordna vurdering meiner vi at det er grunn til å prioritere dette området for forvaltningsrevisjon. Kommunedirektøren har også peika på dette området som aktuelt for forvaltningsrevisjon. Det bør vurderast nærare korleis ein forvaltningsrevisjon skal vinklast og innrettast i samband med bestilling.

8. Kommunalområde Plan, næring og kultur

8.1. Plan

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal vareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.¹⁰

Planprosessane skal vere opne og føreseielege.

FNs berekraftmål, nasjonale klima- og miljømål og løysingar som styrkar verdiskaping og busetting i heile landet, er blant dei omsyna som skal leggest til grunn for den overordna planlegginga, jf. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.

Observasjonar

Kommunen sin planstrategi gjeld for perioden 2021-2024.

Kommuneplanens arealdel gjeld for perioden 2005-2017. Ifølgje gjeldande planstrategi skulle planen vore revidert i 2022/23, men vi finn ikkje informasjon som tilseier att dette arbeidet er starta. Kommuneplanens samfunnsdel blei vedteke i juni 2016 og har ein planhorisont som strekker seg fram mot 2028.

Vurdering

Det kan vere risiko for at kommunen ikkje har eller følgjer eigen planstrategi, og at planane ikkje er oppdaterte. Eit godt arealplanverk er viktig for å sikre effektiv og korrekt byggjesaksbehandling. Vi meiner det er risiko knytt til at kommunen har ein gamal kommuneplan. Kontrollutvalet kan eventuelt etterspørje status for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

¹⁰ [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-27](#)

Det kan vere risiko for at berekraftsmåla og andre nasjonale føringar ikkje er/blir tilstrekkelege eller formålstenleg varetekne i planverket.

8.2. Landbruk, skogbruk, byggesak mm

Kommunane har oppgåver knytt til saksførebuing og kontroll av ulike tilskotsordningar i landbruket.

Kommunen har også ansvar for å kontrollere at skogbrukslova blir følgd, og kan fastsetje meldeplikt for planar om hogst og tiltak knytt til forynging og stell av skog.

Vidare har kommunane både styresmakt og tilsynsoppgåver etter konsesjonslova i samband med eigarskifte.

Vurdering

Det var forvaltningsrevisjon av konsesjon- og byggesakshandsaming i 2023. Vi fann at kommunen handsama konsesjonssaker i tråd med regelverket. Handsaminga av byggesaker var i hovudsak i tråd med regelverket, men det blei funne nokre avvik i saker om gjaldt dispensasjonar.

8.3. Næring og samfunnsutvikling

Kommunene har næringsplan for perioden 2016-2020. Arbeidet med revidering av planen starta i november 2022, og skulle vore slutført våren 2023.

Kommunen gir tilskott til næringsføremål frå næringsfondet. Det ligg lite informasjon om ordninga på kommunen sine nettsider. Ordinære søknadar om tilskot vert handsama fortløpande. ved søknadar over kr. 100.000 er det formannskap og kommunestyre som gjer vedtak. I årsmeldinga for 2022 ligg det oversikt over tilskott som er gitt

Kommunen har avgrensa tilgang til å gi økonomisk støtte til verksemder som driv med økonomisk aktivitet. Dette er regulert av reglane om offentleg støtte. Støtteprosesslova krev at kommunen skal etablere forsvarlege rutinar og kontrollere at tildeling av den støtta dei gir skjer i samsvar med reglane, og ha kontroll med om støtta blir nytta til lovleg formål.

Faste støtteordningar kan vere omfatta av reglane i forvaltningslova om enkeltvedtak.

Vurdering

Det er generelt risiko for manglande måloppnåing i næringsarbeidet. Det kan også vere risiko knytt til handsaming av søknader om tilskott til næringsføremål og i forhold til reglane om offentleg støtte.

Vi har ikkje kunnskap om spesiell risiko på dette området i Tokke kommune.

9. Kommunalområde Teknisk

9.1. Egedomsforvaltning

Kommunale egedomar har stor verdi. God egedomsforvaltning i kommunen handlar om å gi tilsette og tenestemottakarane gode og effektive bygningar til lågast mogleg kostnad. Kommunen bør ha overordna politisk forankra mål for egedomsforvaltninga, eit rasjonelt system for planlegging og styring, og tiltak som sikrar godt grunnlag for avgjersler.

Observasjonar

Kommunen har vedlikehaldsplan for bygningsmassen for perioden 2023-2026. Det er peika på trong for meir midlar til vedlikehald.

Tabell 3 Utvalde nøkkeltal for egedomsforvaltninga. Tal frå 2023

	Tokke	Landet u/Oslo	KOSTRA-gruppe 6
Netto driftsutgifter til eigendomsforvaltning i prosent av samla driftsutgifter (prosent)	15,6	9,4	11,4
Netto driftsutgifter til forvaltning av egedom pr innbyggjar (kr)	721	431	490
Areal på føremålsbygg pr innbyggjar (kvm)	11,03	5,03	7,97
Utgifter til vedlikehald pr kvadratmeter (kr)	100	113	103
Utgifter til driftsaktiviteter pr kvadratmeter (kr)	1 024	750	842
Utgifter til reinhald pr kvadratmeter (kr)	295	187	242
Utgifter til energikostnader pr kvadratmeter (kr)	167	170	180

Kjelde: KOSTRA

Som det går fram av tabellen har kommunen meir areal på føremålsbygg pr innbyggjar enn kommunane vi samanliknar med. Utgifter til eigendomsforvaltninga ligg også høgare enn andre kommunar.

Vurdering

Det er generelt risiko for at kommunane ikkje har overordna politisk forankra mål for egedomsforvaltninga, eit rasjonelt system for planlegging og styring, og tiltak som sikrar godt grunnlag for avgjersler. Ein forvaltningsrevisjon om egedomsforvaltninga kan vere føremålstenleg.

Kommune har ikkje hatt forvaltningsrevisjon på dette området før.

9.2. Vatn og avlaup VVA

Kommunen skal sørge for tilstrekkeleg og sikker vassforsyning i samsvar med drikkevassforskrifta. Avløpshandteringa skal vere i samsvar med forureiningslova og -forskrifta. Det er krav om internkontroll, og alle kommunar skal ha beredskapsplanar for drikkevassforsyning.

Det er venta at kommunane må gjere store investeringar i VA-nettet grunna alder, på-slepp og klimatiske endringar. Manglande investeringar og vedlikehald kan føre til svakheiter i forsyninga av drikkevatt og fare for forureining.

Investering og drift av vassforsyning og avløp blir gebyrfinansiert i samsvar med reglane om sjølvkost. Store investeringsbehov og høge driftskostnader kan føre til auka gebyr for innbyggjarane.

Kommunen har mynde og ansvar for forvaltning og vedlikehald av kommunale vegar, gang- og sykkelstiar. Dette vil seie at kommunen skal halde vegane opne for offentlig ferdsel. Kommunen skal planleggje og gjennomføre vedlikehald og drifte dei kommunale vegane.

Vassforsyning

Kommunen har 100% sjølvkostdekning på vassforsyninga. Alle innbyggjarar i kommunen er knytt til kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat (e.coli).

Vassgebyret i Tokke ligg litt under kommunane vi samanliknar med:

Tabell 4 Årsgebyr for vassforsyning (ekskl. mva)

	2022	2023
Tokke	4 110	4 233
Landet u/Oslo	4 204	4 809
KOSTRA-gruppe 6	4 231	4 715

Andelen av total kommunal vassleveranse til lekkasje var i 2023 på om lag 25 %. De er litt lågare enn gjennomsnittet for landet utan Oslo. Tal for KOSTRA-gruppa ligg ikkje føre

Kommunen har i liten grad fornya leidningsnett dei siste åra:

Tabell 5 Prosentdel fornya kommunalt leidningsnett. Gjennomsnitt for dei tre siste åra

	2022	2023
Tokke	0,29	0,02
Landet u/Oslo	0,62	0,58
KOSTRA-gruppe 6*

Avlaup

Kommunen har 100% sjølvkostdekning på avlaupshandteringa. Gebyret for avlaupshandtering er vesentleg høgare enn kommunane vi samanliknar med:

Tabell 6 Årsgebyr for avlaupstenesta (ekskl mva)

	2022	2023
Tokke	8 233	8 479
Landet u/Oslo	4 621	5 264
KOSTRA-gruppe 6	4 477	4 853

Kjelde KOSTRA

Andel av innbyggerane som er tilknytt anlegg der reinsekrava er oppfylte var i 2022 på 85,6 %. I landet utanom Oslo var denne delen 64,2 %. Om lag 14 % av innbyggerane var knyta til reinseanlegg der det ikkje var mogleg å vurdere om reinsekrava var oppfylte.

Kommunen har ifølgje tal frå KOSTRA høg andel spillvassnett som har ukjend alder. I Tokke er andelen 53 %, medan andelen i landet utanom Oslo er 14 %. Det ligg ikkje føre tal for kommunane i KOSTRA-gruppa. Estimert alder på det leidningsnett som er kjend er 55 år. I KOSTRA finn vi også tal på fornying av spillvassnettet i kommunane:

Tabell 7 Del fornya spillvassnett i gjennomsnitt dei tre siste åra (prosent)

	2022	2023
Tokke	0	0,19
Landet u/Oslo	0,62	0,64
KOSTRA-gruppe 6*

Kjelde KOSTRA * tal ligg ikkje føre

I følgje kommunedirektøren blir det sett i gong arbeid med VA-plan i 2024. Ifølgje kommunen sin planstrategi skulle planarbeidet vore starta i 2023.

Vurdering

Svært høgt eller svært lågt årsgebyr kan ha mange årsaker, men indikerer ein risiko for at drifta ikkje er effektiv eller at vedlikehald og investeringar ikkje er tilstrekkelege.

Kommunen har knytt til seg konsulenthjelp i samband med berekning av sjølvkost på vatn og avlaupstenestene, noko som reduserer risiko for feil i sjølvkostberekningane.

Sidan kommunen sett i gong med VA-plan meiner vi forvaltningsrevisjon på dette området ikkje bør prioriterast no.

9.3. Veg

Kommunen har vegplan for perioden 2023-2026. Tal frå KOSTRA viser at kommunen har lågare driftsutgifter til dei kommunale vegane enn dei vi samanliknar med:

Tabell 8 Brutto driftsutgifter til kommunale veger (funksjon 332) ekskl. avskrivningar, pr km (kr) (1000 kr)

	2022	2023
Tokke	90 862	110 092
Landet u/Oslo	143 726	170 794
KOSTRA-gruppe 6	102 378	127 400

Kjelde: KOSTRA

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier særskilt risiko på dette området.

9.4. Renovasjon

Kommunen skal sørge for innsamling av hushaldsavfall. For å oppnå betre ressursutnytting av avfall, verne miljøet og redusere klimagassutslepp er det krav om sortering og sorteringsgrad med ulike fristar for ulike avfallsfraksjonar, t.d. 50% av matavfallet skal vere sortert ut innan 2025. Kommunen skal ha kunnskap om og dokumentasjon på oppnådd utsorteringsdel per år, og dessutan oversikt over årleg mengd matavfall, park- og hageavfall og plastavfall som er utsortert og levert til materialgjenvinning. Kommunen må sørge for gode system og tiltak for å vareta desse krava.

Handteringa til kommunen av hushaldsavfall skal finansierast gjennom eit avfallsgebyr, som blir fastsett på grunnlag av sjølvkostprinsippet.

Observasjonar

Renovasjonsselskapet RENOVEST IKS sørger for handtering av hushaldsavfallet og slamtømming i kommunane Vinje, Fyresdal, Seljord, Tokke og Kviteseid. Selskapet har hovudkontor i Kviteseid.

Hushaldsavfall pr innbyggjar i Tokke er ifølgje KOSTRA 405,3 kg pr år. Det er meir enn gjennomsnittet både for innbyggjarane i landet utanom Oslo (367 kg) og for innbyggjarane i KOSTRA-gruppe 6 (377 kg).

Delen av avfallet som blir levert til materialgjenvinning (inkl. biologisk behandling) er litt lågare i Tokke enn i kommunane vi samanliknar med.

Frå 2023 blei det innført kjeldesortering for fritidsbustader i kommunane.

Årsgebyret for avfallstenesta var i 2023 kr 2 765 for innbyggjarane i Tokke. Gjennomsnittet i landet utanom Oslo var kr 3 557 og i KOSTRA-gruppe 6 kr 3 803. Gebyret i Tokke har auka til kr 3 803 i 2024.

RENOVEST tek også i mot næringsavfall frå kommunane og private. Inntekter og utgifter knytt til handtering av næringsavfallet skal skiljast frå inntekter og utgifter knytt til handtering av hushaldsavfallet.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

9.5. Brannvern

Kommunen pliktar å sørge for etablering og drift av eit brannvesen. Oppgåvene til brannvesenet er å sørge for beredskap ved brann og å drive førebyggjande arbeid.

Det førebyggjande brannvernsarbeidet inneber m.a. kartlegging av brannobjekt og utsette grupper, og dessutan tilsyn og feiing av fyringsanlegg i bygningar, inkludert fritidsbustader.

Kommunen kan ta gebyr for tilsyn og feiing. Gebyret skal fastsetjast etter sjølvkostprinsippet.

Observasjonar

Brannvern og branntilsyn i Tokke kommune er organisert som eit interkommunalt selskap, (Vest-Telemark brannvern IKS) saman med kommunane Fyresdal, Seljord, Vinje, Nissedal og Kviteseid.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

10. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap

10.1. Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ein kontroll av om kommunen utøver sitt eigarskap i selskap i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for god eigarstyring.

Eigarskapskontroll gjeld for eigarstyringa av interkommunalt selskap (IKS), aksjeselskap (AS),

samvirke (SA), og for interkommunalt politisk råd (IPR) og kommunalt oppgåvefelleskap (KO) når desse er sjølvstendige rettssubjekt.¹¹

Eigarskapskontroll skal utførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Eigarskapskontroll kan kombinerast med forvaltningsrevisjon i selskap.

Eigarskap og eigarstyring i Tokke

Ifølgje kommunelova skal alle kommunar ha vedtatt ei eigarskapsmelding innan utgangen av 2023. Eigarskapsmeldinga skal innehalde kommunen sine eigarstyringsprinsipp, oversikt over kva selskap og andre verksemder kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, og ein omtale av kva som er kommunen sitt formål med eigarinteressene. Eigarskapsmeldinga skal handsamast av kommunestyret minst ein gong i valperioden, jf. kommunelova § 26-1.

Tokke kommune eig fleire selskap, både saman med andre kommunar, og saman med private aktørar. Oversikt over kommunen sine eigarinteresser i selskap og andre samarbeidsordningar går fram av kap. 10.2 om forvaltningsrevisjon i selskap og vedlegg 1.

Kommunestyret i Tokke har ikkje vedteke eigarskapsmelding i samsvar med kommunelova § 26-1 i perioden 2020-2023.

Ein eigarskapskontroll i 2019 viste mellom anna at Tokke kommune si eigarskapsmelding trong oppdatering for å vere i samsvar med KS sine tilrådingar og ny kommunelov, og at kommunen ikkje hadde rutinar for politisk handsaming av eigarsaker. Det var ikkje generell eigarskapskontroll i Tokke i perioden 2020-23.

Vurdering

Det er forskjellige utfordringar knytt til eigarstyringa av ulike organisasjonsformer og eigarkonstellasjonar. Det er generelt risiko for at eigarstyring ikkje får tilstrekkeleg merksemd i folkevaldopplæringa, at politisk nivå ikkje får god nok informasjon om selskapa, og at eigarsaker ikkje blir godt nok førebudde og avklarte politisk før møte i eigarorgana. Vi meiner det er risiko knytt til eigarstyringa i Tokke.

Vi vil tilrå ein generell eigarskapskontroll for Tokke kommune. I ein generell eigarskapskontroll kan vi sjå korleis kommunen arbeider med eigarstyring, og måle dette opp mot lovverk og anerkjende tilrådingar om eigarstyring. Dersom kommunen har planar om å utarbeide eigarskapsmelding, bør

¹¹ Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap kan organiserast både som sjølvstendig rettssubjekt og som ein del av kommunen. Desse inngår i eigarskapskontroll når dei er sjølvstendige rettssubjekt. her.

kontrollen anten kome først, slik at den er til hjelp i utarbeidinga, eller den bør kome når eigarskapsmeldinga har verka eit år eller to.

Selskapa bør veljast ut i samband med kontrollutvalet si bestilling av ein slik eigarskapskontroll. I tillegg til å vektleggja kva betydning selskapa har for kommunen, bør utvalet sikre ei god samansetning av selskapsform og eigarfordeling, for å få eit breitt bilete av praksisen for eigarstyring, og dermed relevante innspel til utarbeiding av eigarskapsmelding.

10.2. Forvaltningsrevisjon i selskap

Planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skal også omhandle eventuell forvaltningsrevisjon i selskap. Selskap og tema som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon i selskap er beskrivne i vedlegg 1.

Prioriteringa av forvaltningsrevisjon i selskap (kva kontrollutvalet vurderer som vesentleg) er som regel avhengig av kommunen sin eigardel, organisasjonsform, verksemda i selskapet, betydning for kommunen, storleiken på selskapet og den økonomiske situasjonen. Ein eigarskapskontroll kan også avdekke behov for forvaltningsrevisjon av selskap.

I tabellane på dei neste sidene har vi sortert selskapa etter organisering:

- selskap der kontrollutvalet har innsynsrett
- selskap der det også er private eigarar, slik at kontrollutvalet ikkje har innsynsrett

Vurdering

Ut frå eit kost/nytte-perspektiv har vi innhenta avgrensa informasjon om selskapa. Vi har derfor vurdert generell risiko. Det vil seie at vi angir kva som *kan* vere risiko, ikkje at det faktisk *er* risiko.

Det kan generelt vere risiko for at selskapa ikkje oppfyller lovkrav eller målsetjingar knytt til selskapsforma og/eller kjerneverksemda, t.d. kvalitetskrav til tenestene. Forvaltningsrevisjon av kjerneverksemda er mest aktuelt for selskap som skal utføre lovpålagde kommunale oppgåver eller sentrale innbyggjarretta tenester.

Tema som også kan vere aktuelle, er selskapsdrifta, etterleving av selskapsregelverk og relevante retningslinjer frå eigarstyringa (selskapsstyring), t.d. reglar om styreansvar og dokumentasjon, reglar og retningslinjer om berekraft og anna samfunnsansvar, personvern, HMS, miljøkrav, anskaffingar, offentleg støtte, korrupsjonsførebygging, etikk og varsling. Vidare kan økonomistyring og rapportering vera risikoområde. For konsern er organisering og eigarstyring av dotterselskap også eit aktuelt tema.

I forslaget til klimaplan for Vest-Telemark er det nokre mål og tiltak som gjeld ulike selskap og verksemder. Det kan vere risiko for at slike forventningar ikkje blir formidla og forankra i selskapsorgana, og at dei ikkje blir godt nok oppfylt av selskapa.

Vest-Telemark PPT er vurdert i pkt. 6.3. Vi har elles ikkje prioritert mellom risiko i selskapa.

Vedlegg 1: Oversikt over selskap

Selskap der kontrollutvalet har innsynsrett

Selskap	Selskapet sitt formål	Eigardel	Deltakarar/ kontorkommune	Vurdering av generell risiko
Vest-Telemark kraftlag Holding AS Har tre dotterselskap.	Eige dotterselskap innan energi, tenestyrting -merkantile tenester til dotterselskap.	19%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal og Nissedal (Høydalsmo/Tokke)	Risiko knytt til konsernstyring og drift, og til informasjon om verksemda og risiko i dotterselskapa.
Renovest IKS	Renovasjon	19%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal (Kviteseid)	Risiko knytt til måloppnåing, renovasjonsordning, drift og selskapsstyring.
Vest-Telemark brannvern IKS	Brann og redning, tilsyn	18%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal (Tokke)	Risiko knytt til måloppnåing, drift og selskapsstyring.
Kraftkompetanse KO	Regionalt kompetansesenter for saker om kraft og forvaltning av naturresursar	15%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal, Tinn, Hjørdal og Telemark fylkeskommune (Vinje)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring.
Vest-Telemark Pedagogisk Psykologis Teneste IKS	PP-teneste – sakkunnige vurderingar, systemretta arbeid for barnehage og skule.	15%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Nissedal, Fyresdal (Kviteseid)	Risiko knytt til måloppnåing, drift, selskapsstyring.
Kvito AS	Tiltaksarrangør, varig tilrettelagt arbeid	14,78%	Vinje, Kviteseid, Tokke, Nissedal (Vinje)	Risiko knytt til måloppnåing, økonomi, ordinær drift, selskapsstyring og konsernstyring.
Konsesjonskraftstyret i Telemark KO	Konsesjonskraftomsetjing	11,11%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal, Tinn, Hjørdal og Telemark fylkeskommune (Fylkeskommunen/Skien)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring, avkasting.

Risikovurdering for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024| Tokke kommune

Selskap	Selskapet sitt formål	Eigardel	Deltakarar/ kontorkommune	Vurdering av generell risiko
Vest-Telemark interkommunalt politisk råd (IPR)	Regionalt distriktpolitisk samarbeidsorgan	Etter folketal	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal (Kviteseid)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring.
Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS (IKA)	Drift av arkiv	1%	Mange kommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark (Kongsberg)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Pulverisering av eigarstyring.
Sør-Øst 110 AS	Ivareta lovpålagde plikter om naudmeldesentralar.	0,3%	Mange kommunar	Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Pulverisering av eigarstyring.
Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat IKS (Vetaks)	Sekretariatstenester til kontrollutval	1,2%	Telemark fylkeskommune, alle kommunane i Telemark unntatt Skien, Vestfold fylkeskommune, alle kommunane i Vestfold, Agder fylkeskommune, fleire kommunar i Agder. (Bø/Midt-Telemark)	Risiko ikkje vurdert – VTR er ikkje uavhengig til å vurdere dette selskapet
Vestfold og Telemark revisjon IKS	Revisjonstenester til eigarkommunane mm	1,7%	Telemark fylkeskommune, Vestfold fylkeskommune og alle kommunane i Vestfold og Telemark. (Skien)	Risiko ikkje vurdert – VTR er ikkje uavhengig til å vurdere dette selskapet
Fjellab Drift IKS Har dotterselskap	Analysetenester for eigarkommunane	33%	Vinje, Tokke, Tinn (Tinn)	Risiko knytt til selskapsstyring, drift og kryssubsidiering. Etablert i 2024

Selskap der kontrollutvalet ikkje har innsynsrett¹²

Selskap	Selskapet sitt formål	Kommunen sin eigardel	Deltakarar
Vest-Telemark næringsbygg AS Har dotterselskap	Styrking og vidareutvikling av næringslivet i regionen	12,96%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Nissedal, Fyresdal, Hjartdal, private (Kviteseid)
Norsk Bane AS	Utgreiing og prosjektering av høghastighetstog.	3,35%	Vinje, Tokke, Midt-Telemark, kommunar i Rogaland, Hordaland, Agder, private.
Vest-Telemark blad AS	Avis	5,9%	Kommunane i Vest-Telemark, private
Telemark Bilruter AS Har dotterselskap	Persontrafikk, vegtransport	2,23%	Vinje, Fyresdal, Seljord, Tokke, offentlege og private transport og turistverksemdar, enkeltpersonar.
Kulturlandskapssenteret i Telemark AS	Tiltak for aktivt å medverke til at miljøverdiane og næringsressursane knytt til landbruket sitt kulturlandskap kan takast vare på og utnyttast i berekraftig bygdeutvikling.	2,72%	Tokke, Seljord, Notodden, Hjartdal, private
Skien Dalen Skipsselskap AS	Drive turisttrafikk i Telemarksvassdraget	12%	Skien, Nome, Kviteseid, Tokke, Nissedal, Fyresdal, Vinje, Telemark fylkeskommune, fleire private reiselivsaktørar
E134 Haukelivegen AS	Arbeide for vegutbygging	2,2%	Mange kommunar og fylkeskommunen, private (Vinje)

¹² Selskap med private eller statlege medeigarar.

Vedlegg 2: Anna interkommunalt samarbeid – ikkje sjølvstendige rettssubjekt

Namn	Formål	Organisasjonsform	Deltakarar	Kontorkommune/ vertskommune
Telemark innkjøpssamarbeid KO (TIS)	Etablering av felles rammeavtalar for vare- og tenestekjøp. Gjennomføre innkjøpsprosessar i samarbeid med deltakarkommunane.	Kommunalt oppgåvefelleskap	Kviteseid, Nissedal, Nome, Midt-Telemark, Seljord, Vinje og Tokke	Midt-Telemark
KO for klima- og miljøberedskap (IUA)	Felles beredskap mot akutt forureining	Kommunalt oppgåvefelleskap	Alle kommunane i Telemark	Porsgrunn (v/ GBR)
Barnevernsvakt i Telemark	Barnevernsvakt	Vertskommune	Alle kommunane i Telemark	Skien
Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark	Barnevernteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Kviteseid
NAV – Vest-Telemark	Sosialteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Tokke
Interkommunal psykologteneste i Vest-Telemark	Psykologteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Seljord
Rask psykisk helsehjelp	Helseteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Seljord
Vest-Telemark driftssenter	IT-drift	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Vinje
Telemarkskanalen regionalpark	Reiseliv, regionalutvikling	Kommunalt oppgåvefelleskap	Skien, Notodden, Nome, Midt-Telemark, Kviteseid, Tokke	Telemark fylkeskommune
Krisesenteret i Telemark	Krisesenter	Vertskommune	Alle kommunane i Telemark	Skien

Namn	Formål	Organisasjonsform	Deltakarar	Kontorkommune/ vertskommune
Alarmsentralen i Telemark	Alarm- og responscenter	Vertskommune	Skien, Siljan, Bamble, Drangedal, Seljord, Kviteseid, Tokke, Vinje	Skien



På vakt for felleskapets verdier

Rapporten er utarbeidet av
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Har du spørsmål til rapporten?

Ta kontakt med oss:

Telefon: 33 07 13 00

E-post: post@vtrevisjon.no

www.vtrevisjon.no

24: 4028 400